

## **Innkalling til årssamling med årsmøte i Frivillig Rogaland**

Dato: 25.2.2021. Tidspunkt: kl 9.30-14.00. Stad: Rennesøy kulturhus Vikevågvein 138, 4150 Rennesøy

Påmeldingsfrist 17. februar. Påmelding skjer her på nettsida til Frivillig Rogaland. Forslag til årsmøtesaker sendes til [asmund.sigmundstad@hjemmeland.kommune.no](mailto:asmund.sigmundstad@hjemmeland.kommune.no) innan 10. februar.

Dersom me ikkje kan samlast fysisk på grunn smittevern vert samlinga og årsmøtet halde på Teams.

9.00 Registrering og kaffi

9.30 Velkomen v/styreleiar Andrine Kallåk Homme

9.32 Musikkinnslag v/Johnny Prøis

9.45 Rådgiver Rune Thorkildsen Slettebak, Rogaland fylkeskommune om oversiktarbeidet – helsetilstanden- slik at frivilligssentralane får auka kunnskap om kunnskapsgrunnlaget, spesielt retta mot barn og unge, familiar med låginntekt, utanforskap og eldre.

10.30 Presentasjon av folkehelseiltak v/frivilligssentralane: Madla/Kvernevik, Strand, Hjemmeland, Klepp, Eigersund, Sokndal, Time og Hå.

11.15 Informasjon om Leve hele livet reformen v/Ann Kristin Hatletvedt, Klepp frivilligssentral.

11.25 Informasjon om Frivillighetsåret 2022

11.30 Lunsj

### **12.00 Årsmøte i Frivillig Rogaland Opning v/styreleiar Andrine Kallåk Homme**

Foreløpig sakliste:

Sak 1: Val av ordstyrar, to referenter, to til å underskrive protokoll, to til tellekorps

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 3: Årsmelding 2019

Sak 4: Rekneskap 2020

Sak 5: Utgiftsdekning for nettverkleiarane

Dei fire nettverkleiarane har ansvar for å planlegge det årlege Sufr møtet med overnatting. Sufr har forslag til årsmøtet om at nettverksleiarane skal få dekkja ei ekstra overnatting.

Sak 6: Kompensasjon til dei frivilligssentralane som har sekretær og kasserar funksjon.

Styret foreslår kr 5000 til kvar av dei frivilligssentralane som har sekretær og kasserarfunksjon i Frivillig Rogaland. Dette som kompensasjon for meirarbeid i 2020 og 2021. Styret meiner dette skal vere ein eingongsutbetaling. Dette vert finansiert med bruk av kr 8000 i rest av folkehelsemidlar i 2020 og kr 2000 i eigne midlar.

Sak 7: Kontingent 2021 Styret foreslår same kontingentsats som tidlegare år; 1000 pr frivilligssentral.

Sak 8: Forslag til handlingsplan med budsjett 2021

Sak 9: Val av styremedlem, styreleiar, revisorar og valkomite Valkomiteen legg fram forslag.